

# Songar frå filmuniverset



**SONGLAGET STORDABUEN**

# PÅ RAUD LØPAR

**MUSIKALSK LEIAR:** Torleiv Agdestein

**BAND:** Ståle Tesdal (gitar), Åge Ottesen (bass), André Eide (tangentar), Torbjørn Agdestein (trommer)

**LYD:** Vest Lydservice AS

**PROGRAMLEIARAR:** Laila Føyen, Britt Guri Bjelland og Ellen Simonsen

**IDÉ OG MANUS:** Dag Bergsvåg, Laila Føyen, Ellen Simonsen og Britt Guri Bjelland

**REGI OG INSTRUKSJON:** Laila Føyen og Dag Bergsvåg



# VELKOMEN PÅ RAUD LØPAR MED STORDABUEN

**Kjære trufaste publikum!** Endeleg er me samla til årets musikalske høgdepunkt for Stordabuen, og me gleder oss til å framføra dette til kvar og ein av dykk her i salen. De er grunnen til at me år etter år går i gong med slike store musikalske prosjekt. Takk trufaste publikum for at de kjem, og til viktige og gode støttespelarar som bidreg med annonses støtte. De òg bidreg til at Songlaget kan skapa kulturliv i sentrum. Sist, men ikkje minst, må Songlaget få lov til å takka Sparebank Vest for deira gåve til årets musikalske prosjekt «saman gjer me det betre».

**Temaet** i år er filmmusikk, følg oss inn i den magiske filmverda, som sikkert kvar og ein har eit forhold til. Kven har ikkje sett den romantiske filmen «Notting Hill» i desember når julefilmmane rullar over TV-skjermen. Filmen der Hugh Grant, i rolla som seljar i ein reisebokhandel, møter Julia Roberts, som den kjente Hollywood-skodespelar Anna Scott.

**Nokre** har sikkert vore i London på West End, eller på kino, og sett «Løvenes Konge». Her møter me blant anna nysgjerrige Simba som utforskar «livets sirkel». Dette er ein film med musikk som treff alle aldersgrupper. I kveld skal Songlaget framføra fleire filmklassikarar arrangert av vår eigen musikalske leiari, Torleiv Agdestein. Dei siste 12 åra har han levert og produsert arrangement til terningkast 6 for Songlaget Stordabuen, og kven hugsar ikkje fjorårets storslagar «Nothing Else Matters» av Metallica.

**Kanskje** kjem den ambisiøse, uheldige og kriminelle trioen Olsen Banden som har rømt frå

fengselet på Vikjo. Du skal ikkje sjå vekk frå at dei også dukkar opp på raud løpar i lag med oss! Det ligger mykje arbeid bak årets musikalske prosjekt. Regigruppa har gjennom mange månadar satt saman eit heilskapleg sceneprogram, og med på laget har me hatt to fantastiske elevar frå Stord vidaregåande skule. Sigrid Folgerø Haugland og medhjelpar Nicole Tolentino har bidreg med både film og bilete for Songlaget Stordabuen. Tusen takk for eit strålande arbeid.

**Songlaget Stordabuen** har også over mange år samarbeida med Peter Tubaa. Han har tatt alle bilete og designa alt materiell som er brukt til marknadsføringa av årets musikalske prosjekt. Me veit at du hadde ekstremt travle dagar fram til deadline, likevel leverte du eit marknadsføringsprodukt som treff oss! Tusen takk, Peter.

**Som leiari for Songlaget** er eg stolt over å vera ein del av eit slikt fantastisk kor. Her finn me mange dyktige og flotte personar som jobbar og leverer øving etter øving. Dette er grunnen til at me som kor kan gi slike konsertar kvart år til vårt trufaste publikum. Tusen takk til songarane i Stordabuen.

**Så, kjære publikum:** Sceneteppet går snart opp, og på raud løpar skal Stordabuen framføra musikalske og storslåtte songar frå filmverda. Frå Songlaget Stordabuen til dykk alle, ha ein strålande kveld og takk for at de er her saman med oss!

*Olav Bauge*  
Leiari i Songlaget Stordabuen





## DIRIGENT OG MUSIKALSK LEIAR TORLEIV AGDESTEIN!

Songlaget er heldige som har hatt 12 fantastiske år med deg som musikalske leiar, og koret legg ikkje skjul på at me ynskjer mange fleire år i lag med deg. Din musikalske kompetanse og erfaring har løfta og gitt koret ny identitet til korsongen, og ikkje minst til Songlaget Stordabuen. Din kunnskap er ikkje bare til musikalsk nytte. Du er ein aktiv bidragsytar og støttespelar inn mot arbeidet til styret og komitear, tydeleg og opptatt av detaljar for å få det beste ut av koret.

Og du byr verkeleg på deg sjølv i marknadsføringa – vår eigen James Bond. I tillegg til alt dette er du ein viktig del av koret sit eige husband, saman med Knut, Harry og Roy og fleire andre. Saman får de absolutt swingfoten til rocke. Og me treng ikkje vente lenge før du dreg til med klassikarar frå anerkjente Elton John, du er ein sann Stordabu!



## TUSEN TAKK TIL

Gamle Fengselet Kulturhotell for lån av lokasjon til filming.

Egil Andersen, Magnar Torland og Rune Stockmann for lån av biler til film og bilete.

MS Sunnhordland for lån av lokasjon til filming.

Leif Haakon Bosvik for dronefilming.

Erik Jørgensen for spsjaleffektar.

Hageland for lån av blomar.

Stord Hotell får lån av lokasjon til filming.

Ottesens Skipsbyggeri for lån av originalkostyme til Olsenbanden.

Gaute Epland for sporty innstilling.





# OM SONGANE

## **Fame** *Michael Gore og Dean Pitchford. Arr: Funk / Torleiv Agdestein*

Poplåt frå filmen med same namn. Songen kom ut i 1980 vann både Academy Awards for beste originale song og ein Golden Globe.

## **Summer Nights** *Jim Jacobs og Warren Casey. Arr: Torleiv Agdestein*

Frå musikalen «Grease» og ein av dei store «sommars hitane» i 1978. I filmen blir songen framført av Olivia Newton-John og John Travolta.

## **Shallow** *Lady Gaga, Andrew Wyatt, Anthony Rossomando og Mark Ronson. Arr: Mac Huff / Torleiv Agdestein*

«Shallow» vart framført av den amerikanske songaren Lady Gaga og den amerikanske skodespelaren og filmskaparen Bradley Cooper. Songen blei utgitt 27. september 2018 og er kjend frå den musikalske romantiske dramafilmen fra 2018, «A Star Is Born». Songen fekk ei rekke utmerkingar, inkludert Oscar-prisen for beste originale song.

## **Waterloo** *Benny Andersson, Stikkan Anderson og Bjørn Ulvaeus. Arr: Torleiv Agdestein*

Frå filmen «Mamma Mia! Here We Go Again!». Dette var faktisk den første singelen dei gav ut. Songen ble utgitt i 1974 men det blei gitt ut ein ny versjon i samband med filmen i 2018. Benny Anderson var produsent på den nye versjonen.

## **You'll Be In My Heart** *Phil Collins. Arr: Emerson / Torleiv Agdestein*

Song av den engelske trommeslageren og songaren Phil Collins frå Disney-animasjonen «Tarzan», og utgitt i 1999. Songen vann Oscar for beste originale song.

## **Skyfall** *Adele og Paul Epworth. Arr: Langford / Torleiv Agdestein*

Spelt inn av den engelske songaren Adele for James Bond filmen «Skyfall» i 2012. Songen vart ein internasjonal suksess og fekk mange forskjellige utmerkingar, inkludert Oscar for beste originale song.

## **9 to 5** *Dolly Parton. Arr: Torleiv Agdestein*

Spelt inn av Dolly Parton for komediefilmene frå 1980 med same namn. I tillegg til å bli vist på filmen sitt lydspor, var songen høgdepunkt i Partons album «9 to 5 og Odd Jobs», utgitt i 1980. Songen gav Parton ein Oscar-nominasjon og fire Grammy Award-nominasjoner. Ho vann også prisen for beste countrysong og beste kvinnelege countryvokaloppvisning.

## **When You Say Nothing At All** *Paul Overstreet og Don Schlitz. Arr: Torleiv Agdestein*

Framført av Ronan Keating, og vart kjend frå filmen «Notting Hill» i 1999.

## **Always Look On The Bright Side Of Life** *Erik Idle. Arr: Torleiv Agdestein*

Erik Idle som skreiv songen er medlem av humorgruppa Monty Python. Songen er avslutningsnummeret i filmen «Life of Brian».

## **Arthur's Theme** *(Best That You Can Do) Christopher Cross*

Songen er hovedtema i filmen «Arthur» frå 1981. Songen har vunne Oscar og Academy Awards for beste originale song.

## **Another Day Of Sun** *Justin Hurwitz, Benj Pasek og Justin Paul*

Er opningssongen i musikalen «La La Land» frå 2016.

## **Goodnight Moon** *Ambrosia Parsley og Duke McVinnie*

Song frå den alternative rock-gruppa Shivaree. Songen er ein del av soundtraket til filmen «Kill Bill 2» frå 2004.

## **Up Where We Belong** *Jack Nitzsche, Buffy Sainte-Marie og Will Jennings.*

Blei spelt inn av Joe Cocker og Jennifer Warnes og er kjend frå 1982-filmen «An Officer and a Gentleman».

## **Power Of Love** *Huey Lewis, Christopher Hayes og John V. Colla. Arr: Torleiv Agdestein*

Frå filmen «Back to the future». Songen kom ut i 1985. Første møte med songen er tidleg i filmen når Marty McFly skatar til skulen. I filmen høyrer me songen både som “vanleg” og ein hard rock versjon.

## **How Deep Is Your Love** *Scottish DJ og Calvin Harris. Arr: Billingsley / Torleiv Agdestein*

Popballade skrive og spelt inn av Bee Gees i 1977 og utgitt som singel i september same år. Songen blei brukt som ein del av lydsporet til filmen «Saturday Night Fever» .

## **Eye of the Tiger** *Frankie Sullivan og Jim Peterik. Arr: Van Cleave / Torleiv Agdestein*

Song av det amerikanske rockebandet Survivor i 1982. Songen var temasongen for 1982-filmen «Rocky III».

## **Circle Of Life** *Elton John, Tim Rice, Hans Zimmer og Mark Mancina. Arr: Alexej Romanov / Torleiv Agdestein*

Komponert av den verdskjente artisten Elton John. Songen er frå filmen «Lion King», eller «Løvenes Konge» som den heiter på norsk, og kom ut i 1994.

## **Footloose** *Kenny Loggins. Arr: Torleiv Agdestein*

Song skrive og spelt inn av den amerikanske songaren Kenny Loggins. Den blei utgitt i januar 1984 og er frå filmen «Footloose».

## **Holding Out for a Hero** *Jim Steinman og Dean Pitchford. Arr: Jaysmith / Torleiv Agdestein*

Song spelt inn av den walisiske songeren Bonnie Tyler, og er kjend frå filmen «Footloose» frå 1984 .

## **This Is Me** *Benj Pasek og Justin Paul. Arr: Shaw / Torleiv Agdestein*

I filmmusikalen «The Greatest Showman» (2017) blir songen framført av skjeffdama Lettie Lutz (Keala Settle). Sirkusartistane føler seg utstøtt i samfunnet og syng denne låta for å halde saman. Låta vann ein Golden Globe under den 75. Golden Globe-utdelinga, og den har også blitt nominert til Oscar for beste song.

**RENEVO**

**LEIRVIK®**



# VESTLAND MEDIA



[www.stordanlegg.no](http://www.stordanlegg.no)





**Grov Forskaling**



**STORD AS**



NORTH SEA  
SHIPPING



# Hageland

Heiane 55, 5412 Stord



## Fylkesnes Bil

/// ENKELT OG KOMPLETT ///



## Bonde Kompaniet

## Heiane Bil AS

Autorisert Opel Virksomhet  
Heiane, 5412 STORD. Telefon 53 40 23 00

Måndag - onsdag 07.30 - 16.30

Torsdag 07.30 - 18.00

Fredag 07.30 - 16.30

Laurdag 10.00 - 14.00

## NEMUS

STORD





t r e f f s t a d e n  
i s e n t r u m

**Heiane**  
storsenter

INGENIØR  JØRGENSEN

Grov Grasklypp



Spar Haga



S N  
O R



Almaas Hotell Stord

**LÆKJAR**  
**FINN GUNNAR OTTENSEN**



PODLEN VERKSTAD AS



**Varmthus**

**FRONTA**

**/// Engevik &  
Tislevoll a.s**



# novaform®

Prosjektadministratoren innen bygg og anlegg

# ecit

## CEGAL Finans AS

- Regnskapsføring
- Årsregnskap
- Rapportering
- Rådgiving

Bedre økonomistyring på 1-2-3.

Vår visjon er å skape "Gode historier" – hver dag.

CEGAL

[cegal.com](http://cegal.com)

inspira  
*frisør*



## Oma Baatbyggeri as

Postboks 200 – 5402 Stord

Telefon: 53 40 98 00 • Telefax 53 40 98 01



STOMAS  
ELEKTRO



Atelièet  
FRISØR





**Oma Slipp & Mek. Verksted a.s**



**ORIS DENTAL**



**Fame** - Kor

**Summer Nights** - Kor

**Shallow** - Kor

**Waterloo** - Kor

**You'll Be In My Heart** - Kor

**Skyfall** - Kor

**9 to 5** - Kor + Sissel Johnsen

**When You Say Nothing At All** - Kor

**Always Look On The Bright Side Of Life** - Kor + Tom Sørnnes, Dag Bergsvåg,  
Frode Helge Råen, Kjetil Fagertun Solsvik, Torstein Litlabø

**Arthurs Theme (Best That You Can Do)** - Line Sand

**Another Day Of Sun** - Kristine Hystad og Endre Bjørn Ladehaug

**Goodnight Moon** - Martha Stockmann og Marita Huse

**Up Where We Belong** - Anne Karin Nilsen og Olav Bauge

**Power Of Love** - Roy Rosslund - Kor

**How Deep Is Your Love** - Kor

**Eye of the Tiger** - Kor

**Circle Of Life** - Kor

**Footloose** - Kor

**Holding Out for a Hero** - Kor

**This Is Me** - Kor

Bli med Stordabuen på kino. Du får litt av vår oppfatning og oppleving av filmverda. I tillegg har me laga våre egne lokale vriar på nokre kjende filmar og figurar, "bere på løye", me tek ikkje oss sjølv så høgtideleg. Me får håpa utvalet fell i smak. Len deg attende, la deg forføra og overraska, kan hende må du grina litt, kan hende får du ein god latter. Uansett, kos deg og syng gjerne med.

